

Det pyntast i sentrum.

12.06.2013



KV har stelt dette blomsterbedet flott. Vert det planta i skråningen utover over den flotte steinmuren og? Tenk kor flott det kunne bli!

**Den harde vinteren gjekk hard utover pry- og hagevekster. Derfor vert arbeidet med å få hagar og prydområde på stell ekstra stort i år. Unormalt stort skifte av planter må til.**

I sentrum har Sella Hjørnevåg og hennar stab i Uskedal Utvikling gjort ein stor jobb både på busslomma ved skulen og rundt gamleskulen. Det er og kome blomar i dei fleste krukkene som er plassert rundt i bygda.

I går pynta Kvinnherad Vekstbedrift flott opp i bedet vi ser på bildet over. Dette plantearbeidet gjer den vakre sommarbygda vår endå vakrare.

Foto: Thor Inge Døssland.